

SAUDA KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag 14. oktober 2013 blei det halde møte i Sauda kontrollutval under leiding av leiar Inge Løyning.

MØTESTAD:	Sauda Rådhus, kommunestyresalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – kl. 15.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Inge Løyning (H), Wenche Pleym (Ap) og Katrine Skorpe (H)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor/partner Roald Stakland og manager advisory Øivind Hauge Støle - frå KPMG
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Frode Sulen, rådmann Wictor Juul
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 17/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL 16.09.13

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 16.09.13 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.10.13:

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.10.13:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 16.09.13 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 18/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.10.13

22. Oppfølging av sak 04/13 – Rutinar for anbod, kontraktar og klagehandsaming, orientering v/rådmannen
23. Statusoversikt pr. oktober 2013
24. Utgifter til rekneskapsrevisjon 2010-2013
25. Haustkonferansen 2013 – Sandnes

Handsaming i kontrollutvalet 14.10.13:

Sekretær gjorde greie for referatsakene.

Rådmannen orienterte om pkt. 22 – utvalet ønskte å få tilsendt kommunen sine rutinar og prosedyrar for anbod og inngåing av kontraktar.

Under pkt. 24 etterspurde utvalet ein enklare oversikt – gjerne knytt opp mot utvalet sitt budsjettskjema.

Inge Løyning og Katrine Skorpe deltek på haustkonferansen i Sandnes.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.10.13:

Kontrollutvalet tek referatsakene 22 - 25 til orientering.

SAK 19/13 OPPFØLGING AV ÅRSOPPGJERSBREV FOR REKNESKAPEN 2012

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Sauda tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen for 2012 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.10.13:

Rådmannen og revisor R. Stakland orienterte. Båe var samde om å finna praktiske og føremålstenlege løysningar som ville gjera revisor nøgd.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.10.13:

Kontrollutvalet i Sauda tek rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen for 2012 til orientering.

SAK 20/13 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2013 (Ikkje off./fvl. §§ 13)

Sekretariatet si innstilling:

Sauda kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.10.13:

Rekneskapsrevisor R. Stakland presenterte seg sjølv og fortalte at han no var kommunen sin oppdragsansvarlege revisor. Han gjorde så greie for planen. Oppstartsmøte med administrasjonen har vore i september, og interimrevisjon er gjennomført. Utvalet hadde nokre oppfølgingsspørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.10.13:

Sauda kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2013 til orientering.

SAK 21/13 RAPPORT ETTER FORVALTNINGSREVISJON – LEGETENESTA I SAUDA KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

1. Sauda kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om legetenesta og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 14.10.13:

Øivind H. Støle frå KPMG gjorde greie for rapporten. Han fortalde om avgrensingar som var gjort og om problemstillingane som er omfatta av rapporten. Vidare om revisjonskriteriane, historikk og utfordringar, samt om hovudfunn og tilrådingar. Utvalet drøfta rapporten og var samd i at det var ein god og grundig rapport.

Rådmannen opplyste at administrasjonen allereie hadde begynt arbeidet med å etterkomme revisor sine tilrådingar.

Kommunestyret får ein orientering om rapporten på møtet 16.10.13.

Utvalet peika på at kommunestyret bør få rapporten til handsaming så snart som mogleg.

Utvalet slutta seg til ein endring av framlegget til vedtak i pkt. 3. – fristen for tilbakemelding blir satt til utgangen av april 2014.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.10.13:

1. *Sauda kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om legetenesta og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine konklusjonar og tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan utgangen av april 2014.*

EVENTUELT

Wenche Pleyrn spurde ordførar og rådmann om kva som blir gjort for å betra kommunen sin dårlege plassering på Forbrukarrådet sin kommunetest. Rådmannen svara.

Neste møte: 02.12.13, kl. 13.00

Sauda/Aksdal, 14.10.13

Inge Løyning
Leiar



Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær